


Kva leier varme?

Konduksjon handlar om korleis varme spreier seg når ting rører kvarandre. Du blir varm på fingrane når du rører ein varm tekopp, til dømes.

Det finst likevel nokre materiale som ikkje let seg påverke like mykje av å komme i nærleiken av varme. Vi seier at dei ikkje har så god leiingsevne.

Du skal no få teste ut tre materiale og sjå kva for nokre av dei som har god eller dårleg leiingsevne.



Du treng

- Tre skeier – ei i sølv, ei i plastikk og ei i tre
- Litt smør
- Tre små perler
- Ein kopp eller bolle som toler varmt vatn
- Varmt vatn

Framgangsmåte

Ytst på kvar skei set du fast ei lita perle i ein liten klump med smør. For at forsøket skal bli mest mogleg rett, bør perlene og klumpen med smør vere så godt som like store. Set bollen på eit stabilt bord og pass på at bollen med varmt vatn ikkje kan treffe nokon.

Fyll bollen med godt varmt vatn frå springen.

Set skeiene i bollen med vatn med handtaka ned. Smøret og perlene skal ikkje vere i berøring med vatnet.

Hypotese

Kva trur du skjer når dei tre skeiene blir sette ned i det varme vatnet med handtaka ned og smørklumpane opp i lufta?

Dette skjedde

Kva har du observert? Fortel.